



3 av dei 4 som har Nesliajobben: Trond Johannes Myklebust, Even Stensletten og Geir Inge Koløy

Uskedal Trelastlager/Byggeriet er godt igang med ein av dei største jobbane dei har hatt på fleire tiår. Det er opprusting av Neslia Burettslag mellom Rosendal og Løfallstrand, ein investering på fleire millionar utan at driftsleiar og prosjektleiar for oppdraget Finn Guddal ynskjer å gå ut med noko bestemt beløp. Verksemda vart starta så tidleg som i 1929 og er dermed ein av dei mest livskraftige i bygda.


Burettslaget som består av 5 rekkjehus nedafor fylkesvegen vart bygd for rundt 30 år sidan og det var Uskedal Trelastlager som leverte materialane. Det som no skjer er skifting av 360 vindauge, etterisolering av loftet for 24 bustadar, skifting av 48 altandører og 24 hovud-dører.

Guddal opplyser at 4 mann har jobben som dei starta ved månadsskiftet oktober/november og skal fullføre ved utgongen av februar. Basen er Trond Johannes Myklebust som er ein av dei 7 fast tilsette i Trelastlageret medan Lasse Kaldestad, Even Stensletten og Geir Inge Koløy er sjølvstendig næringsdrivande og innleigde for dette prosjektet. Dei gjer unna 2 bustadar i veka.

Finn Guddal slår fast at verksemda har gode tider. Til dømes er det like før dei skal levera materialane til utvidinga av SPAR. Han avslører også at dei reknar på fleire millionprosjekt utan han førebels kan seia noko konkret om sjansane.

- Men vi ser mot framtida med optimisme, seier han.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Googlebilde av Neslia-husa](#)